



Statens vegvesen

ARD AREALPLAN AS
c/o Spaces Media City
Lars Hilles gate 30

5008 BERGEN

Behandlende eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:
Transport og samfunn Ingelin Garen / 55516345 22/138822-5 29.10.2022


Uttale til varsel om oppstart av detaljregulering for Austmarka Sør-Solstrand, gnr. 479 bnr. 11 mfl. – Alver kommune

Vi viser til brev datert 31.08.2022 – Varsel om oppstart av reguleringsarbeid for Austmarka Sør, Solstrand i Alver kommune. Statens vegvesen har gitt uttale til pågående reguleringsarbeidet for Austmarka sentrum i nord, men har ved ein feil ikkje oppfatta at det er to ulike planar som er under arbeid i det same området. Høyringsfristen er derfor gått ut. Plankonsulent har likevel bedt om ei uttale i saka frå Statens vegvesen.

Saka gjeld

Føremålet med reguleringa er å leggje til rette for om lag 30 bustader.

Planområdet har ein storleik på om lag 72 daa og ligg om lag 7 kilometer frå Alversund. I nordvest og aust grensar planområdet til eksisterande bustadar, og i nord grensar planområdet til Sæbø skule- og barnehage. Resten av planområdet grensar til ubygde området i sør, og friområdet i aust. Deler av fylkesveg 565 (Radøyvegen) ligg innanfor plangrensa.



Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riksveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegenormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretakne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Konkrete innspel til dette planarbeidet

Som innleiingsvis peikt på er det i løpet av kort tid varsle oppstart av to detaljplanar i same område. Etter det vi kan sjå overlappar desse planane kvarandre delvis. I den grad det er aktuelt å gå vidare med dette planarbeidet, bør ein etter Statens vegvesen si vurdering sjå desse planane i en heilskapleg samanheng for å sikre best mogelege løysingar for bustadmiljøet.

Statens vegvesen ser at området Austmarka isolert sett er eigna for vidare bustadbygging, dette under føresetnad at trygge trafikale løysingar vert ein del reguleringsplanen. Det er nærliek til skule, idrettsanlegg og butikk. Ut over dette er det ingen kjende servicefunksjonar lokalisert på denne staden. Det manglar tilbod til mjuke trafikantar langs fylkesveg 565. Ser ein på behov utover nemnde servicetilbod er det nærliggjande å tenke på den skisserte utbygginga som bilbasert. I planarbeidet må det kome fram korleis plankonsulent og kommunen vurderer planane for utbygging i Austmarka i høve til Statlege planretningslinjer (BAPT).

Austmarka er ikkje omtalt som kommunesenter i kommuneplan verken i samfunnsdel eller i utkastet til planprogram for ny arealdel. Dersom Alvermarka skal utgjere nok eit kommunesenter må det totale bustadbehovet vurderast som del av overordna planlegging. Forslaget til vidare utvikling av Austmarka bør og vurderast i høve til dei prinsipp som skal ligge til grunn for utvikling av kommunesentera, jf. framlegget til planprogram (KPA).

Som det går fram av Statens vegvesen si uttale til oppstartsmelding for Austmarka sentrum meiner vi det er viktig at Alver kommune gjer seg nokre tankar om kva arealutvikling det skal leggjast opp til i dette området, som allereie i dag framstår som eit lite, men geografisk avgrensa senterområde. Når ein no går inn i arbeidet med ny arealdel av kommuneplan er dette viktige tema som skal avklarast. Ein bør vurdere å vente med vidare planarbeid i Austmarka til overordna vurderingar er gjort.

I eit eventuelt vidare planarbeid må ein ta stilling til om veganlegga i Austmarka er tilstrekkeleg dimensjonert for vidare utbygging og auka trafikk som følgje av reguleringsplanen for Austmarka sentrum og Austmarka Sør. Det må utarbeidast ei trafikkanalyse som skildrar dagens trafikksituasjon i området.

I/ved planområdet er det fylkesveg og kommunal veg. Statens vegvesen legg til grunn at drøftingar og avklaringar knytt til trafikksikkerheit og framkomst på desse vegane skjer i dialog med dei aktuelle vegstyresmaktene. Dersom det vert planlagt for fråvik frå vegenormalane, legg vi til grunn at det kjem klart fram av planomtalen, og at fråviksøknader er avklara med rette styresmakt før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Tema som bør omtalast særskilt i dette planarbeidet:

- Særleg ulukkesutsette strekninger
- Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målepunkt, busshaldeplassar, barne- og ungdomsskule, idrettsanlegg m.m.
- Viktige sykkelruter
- Samordna bustad -, areal- og transportplanlegging
- Vegtrafikkstøy
- Universell utforming

Vi legg til grunn at reguleringsplanen vil innehalde rekkefølgjekrav som sikrar at tiltak knytt til trafikksikkerheit, framkomst m.m. vert gjennomført i samband med den utbygginga som vert regulert.

Generelle krav til planarbeid

Statens vegvesen legg til grunn at verknadane planløysingane vil ha for vegtransport og vegnett vert utgreia og kjem tydleg fram av planomtale, risiko- og sårbarheitsanalyse og eventuell konsekvensutgreiing. Dette gjeld generelt:

- trafikksikkerheit for ulike trafikantgrupper
- tilkomstløysningar
- forventa trafikkmengd og kapasitet på vegnettet
- trafikkmønster og reisemiddelfordeling
- parkeringsdekning og -behov
- framkomst for ulike trafikantgrupper
- ivaretaking av ovannemnde omsyn i anleggsperioden

Eventuelle konsekvensar for utvikling, drift og vedlikehald av vegnettet og for samordna bustad -, areal- og transportplanlegging, universell utforming, trafikksikkerheit og framkomelegheit må også utgreiast. For meir utfyllande informasjon om utgreiingskrava viser vi til Statens vegvesens handbok V744.

Vidare planprosess/medverknad

Statens vegvesens uttale til varsel om oppstart er ikkje uttømmande. Når eit planframlegg vert lagt ut til offentleg ettersyn, vil vi kunne kome med ytterlegare innspel og merknader.

Transportforvaltning

Med helsing

Frode Moen Aarland
seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

ALVER KOMMUNE, Postboks 4, 5906 FREKHAUG

STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER

VESTLAND FYLKESKommUNE INFRASTRUKTUR OG VEG, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER